



NVE
Noregs vassdrags-
og energidirektorat

STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMAR
Postboks 2076
3103 TØNSBERG

Vår dato: 17.02.2026

Vår ref.: 202107628-5 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.: 2022/125-88

Sakshandsamar: Astrid Flatøy,
22959768, asfl@nve.no

NVE fremjer motsegn - Høyring - Reguleringsplan for Storrlineset del 2 - Gnr. 99 bnr. 3 - Planid 20210002 - Vinje kommune

Vi viser til brev frå Vinje kommune datert 12.01.2026. Saka gjeld høyring av detaljreguleringsplan for Storrlineset del 2. Føremålet med planframlegget er å legge til rette for utviding av det eksisterande hyttefeltet på Storrlineset. Sjølv om brevet her sendast til Statsforvaltaren vender vi oss i innhaldet direkte til kommunen.

NVE har motsegn (jf. pbl § 5-4) til planen fordi mogleg skredfare ikkje er vurdert i planen.

Grunnlaget for motsegna er skildra i NVE rettleiar [2/2017 «Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging»](#).

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl.).

NVEs motsegn


Mogleg skredfare

[NVE Aktsemdkart snøskred](#) (2023) og NVEs [kartbaserte rettleiing for reguleringsplan steg 9](#), viser at delar av det nordlege planområdet ligg innanfor aktsemdområde for snøskred og jord- og flaumskred.

I planomtalen kap. 4.15 står det: «*Ifølgje NVEs aktsemdskart ligg planområdet utanfor aktsemdsområde for snøskred og steinsprang samt jord- og flaumskred.*»



NVE publiserte nye aktsemdkart for snøskred 22.06.2023, med og utan skogeffekt [NVE Aktsomhetskart snøskred](#). Utløpsområda er nokre stader annleis enn på dei gamle karta. Aktsemdkart for jord- og flaumskred blei oppdatert i oktober 2025. Vi gjer merksam på at samtidig blei aktsemdkartet for flaum oppdatert: [Aktsomhetskart for flom - NVE](#), [Aktsomhetskart for jord- og flomskred - NVE](#).



NVEs aktsemdkart viser mogleg skredfare: snøskred (raud) og jord- og flaumskred (brunt)

Vurderinga av skredfare som er lagt til grunn i saka, ser ut til å vere gjort på bakgrunn av dei gamle aktsemdkarta. Kommunen skal legge til grunn beste tilgjengelege kunnskap på vedtakstidspunktet. Da saka blei send på høyring, var det gått over to år sidan aktsemdkartet for snøskred blei revidert. Vår vurdering er at det nye aktsemdkartet for snøskred må leggest til grunn, og at plandokumenta må bli oppdaterte med ny kunnskap.

Skredfaren må vurderast av fagkyndig. Alle skredtypar må vurderast. For rettleiing om krav til kompetanse, bestilling og utføring av skredutgreiing, viser vi til [NVEs digitale rettleiar om utredning av skredfare i bratt terreng](#). Reell fare for skred må vere avklart og sikkerheit dokumentert, jf. aktuell sikkerheitsklasse i TEK17 § 7-3.

NVE har motsegn til detaljreguleringsplan for Storlineset del 2 fordi mogleg skredfare ikkje er vurdert og ev. innarbeidd i planen jf. pbl. § 28-1 og TEK17 § 7-3.

For at grunnlaget til motsegna skal falle bort må det bli gjort ei fagleg vurdering av skredfaren i samsvar med NVEs digitale rettleiar. Viser utgreiinga at det er reell skredfare i byggeområder, må omsynssone for skred bli innarbeidd i plankartet og det må bli gitt føresegner til sona.



NVEs uttale

Flaum og overvatn

Flaumfare er vurdert av Sweco AS og omtala i notat datert 28.02.2021. Det er lagt omsynssone for flaum i plankartet og det er gitt føresegn til sona. Det er òg gjort berekningar om overvatn av Sweco AS i notat datert 30.06.2021. Det er gitt føresegner om overvasshandtering. NVE tar dette til etterretning

Meld inn fareutgreiingar

Naturfareutgreiingar som er tinga etter 01.01.2025 skal meldast inn til NVE i samsvar med [pbl § 2-4](#) og [Forskrift om pliktig innmelding av grunnundersøkelser og naturfareutredninger](#). Vi ynskjer også å få inn naturfareutgreiingar tinga før denne datoen. Geotekniske grunnundersøkingar skal leverast inn til NGU via NADAG. Informasjon finnast her: [Meld inn naturfareutredninger - NVE](#).

Proessen vidare

Når det blir fremja motsegn til planen betyr det at de ikkje kan eigengodkjenne den med rettsverknad før grunnlaget for motsegna har falle bort.

NVEs erfaring er at det er nyttig med dialog mellom oss og kommunen når det blir arbeidd med å kome motsegner i møte. Vi oppmodar dykk difor om å ta kontakt. De same må de gjere dersom de har spørsmål til motsegna, eller til andre faglege råd i dette brevet. Dersom de vel å etterkome våre motsegnpunkt må de endre planen slik som skildra ovanfor.

Når de har endra planframlegget, eventuelt på grunnlag av nye utgreiingar, sender de både plandokument og utgreiingar til oss. Dette materialet kan de sende oss som vedlegg til eit brev der de ber oss om å trekke motsegna på grunnlag av endringar i plan/nye utgreiingar. Det er viktig at de i oversendingsbrevet gjere greie for kva endringar som er gjort i plandokumenta, og på kva grunnlag endringane er gjort.

Dersom de ikkje vel å etterkome våre motsegnpunkt kan de be om mekling hjå Statsforvaltaren, jf. pbl § 5-6.

Vi minner om at Statsforvaltaren har fått mynde til å samordne statlege motsegner, og på visse vilkår avskjere dei.

Med helsing

Øyvind Leirset
seksjonssjef

Astrid Flatøy
seniorrådgivar

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.



Mottakarar:

STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK

Kopimottakarar:

VINJE KOMMUNE